LINDÅS KOMMUNE
Teknisk drift

Majo Eigedom A/S
Magnus Helgesen
Lindåsvegen 154
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Rune Kilen | 17.02.2015 |
| Vår: 15/296 - 15/3698 | Rune.Kilen@lindas.kommune.no | |

# Svar på søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle frå kommuneveg - gbnr 137/765 Isdalstøbakken

Teknisk drift syner til søknad datert 22.01.2015 vedkommande søknad om løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg – gbnr. 137/765 Isdalstøbakken.

**Vedtak:**
Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 2 bustadeininger på følgjande vilkår (standardkrav):

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming av avkjørsle fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg», veglova §§ 40-43 og vegnormal N100 (tidlegare handbok 017). Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering og at ein skal kunne snu på eigen grunn. Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.

- Ytterligare informasjon vedkommande tekniske krav til avkjørsle finn ein på www.vegvesen.no og www.lovdata.no

- Det må ligge føre vegrett til å nytte privat veg. Denne vegretta skal tinglysast.

Vi gjer merksam på at opparbeiding/utbetring av avkjørsle er søknadspliktig tiltak hos byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 (FOR-1964-07-16 nr. 3905), samt vegnormal N 100 som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Majo Eigedom A/S | Lindåsvegen 154 | 5914 | ISDALSTØ |